

## Snart 2 hjartestartarar i bygda

28.11.2011



Sigurd Brattetveit orienterar om startaren

**Den første hjartestartaren er på plass i foajeen til Aktivitetsuset og den neste er like rundt hjørnet og skal plasserast i Hagetunet. Den første er finansiert og den andre er på god tur til å bli det fordi Martabua som julebu har vorte ein suksess. 20 prosent av det som kjem inn der går til dette gode føremålet. Ein hjartestartar av den typen som er vald kostar vel 21 000 kroner.**

I kveld har forhandlar av hjartestartarar Sigurd Brattetveit frå Løfallstrand vore i Uskedalen og orientert stutt om funksjon og bruk for eit knippe nøkkelpersonar frå idrettslaget, Aktivitetshuset, Hagetun, skulen og sjølvsgatt Damevennene. Brattetveit ga uttrykk for kor imponert han var over det raske initiativet som Damevennene har lagt for dagen også i denne saka.

Han er ekspert på området og har solid erfaring frå redningsteneste i og utanfor landets

grenser. Han var til dømes lenge leiar i Norges Livredningsforbund.

- Vi har valt den startaren som han anbefalte, berre det beste er godt nok i dette tilfellet, seier Klara Bakke i Damevennene til uskedalen.no.

Det har vore litt diskusjon om plasseringen av dei 2 startarane vil vera god nok. Til det seier Damevennene at redningstida i alle fall blir langt stuttare enn ved satsing på lege eller helikopter. Det tek nesten ein halvtime for helikoperet å komma hit.

Brattetveit peikar på at sjansen til berging av liv minskar med 10 prosent kvart minutt. Hvis personen med hjartestans får eit sjokk frå ein startar innan 3 minuttar er det 75 prosent sjanse for at ho eller han overlever.

Klara presiserer i samband med kjøpet at alle i bygda sjølv må ta ansvar for opplæring og at det ikkje blir nokon form for vakt knytt til startarane.

Ein må med andre ord henta dei sjølv.

Brattetveit kjem attende og held opplæring 4. januar klokka 18.

Til dei som hevdar at startarane trass i alt blir for

seint tilgjengelege har Damevennene dette rådet: Kjøp ein du og!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen